



Dei 7 treningsvillige borna med trenarane bak.

**I kveld var det sesongstart for friidrettstreningane på Heio. Kvar mandagskveld mellom kl.18.00 og 19.15 framover kjem friidrettsgruppa til å ha organisert trening på banen. Treninga er for dei som er 10 år og eldre, men yngre kan også koma og vera med dersom dei har med seg ein forelder.**

På denne første treningskvelden møtte 7 unge sprekingar. Då eg var innom var dei alt godt i gang med oppvarminga som var ein løpetur i skogen. Etterpå var det ulike øvingar på programmet, denne kvelden vart hovudvekta lagt på lengde.

Trenarar for gruppa er Margunn Eik og Lene B. Taranger. I tillegg har Jostein Saghaug lova å hjelpa til når han har høve til det. Dei 7 som deltok i treninga, var Jonathan Tararanger, Ingar Eik Høivik, Karoline E. Myklebust, Saima K. Døsland, Sigri M. Lekva, Torbjørn Haugland og Sivert E. Myklebust.

Trenarane kunne fortelja at dei kjem til å trena på dei vanlegaste øvingane framover, og så rekna dei også med at det kunne verta deltaking på nokre stemne.

Altså: Friidrettstrening kvar mandag kl. 18.00 til kl. 19.15. Dei håpar fleire blir med.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland